

SVENNEVIKHEIA / LUSSEVIKA VELFORENING

REFERAT - ÅRSMØTE 2016

Dato; 16. juli 2016, kl 12.00

Stad; Kystloftet, Båly

AGENDA;

- 1) Valg av møteleder;
Styreleder i velforeningen, Georg K Gundersen, vart valgt til møteleder.
- 2) Godkjenning av innkalling og dagsorden;
Innkalling og dagsorden vart godkjent utan kommentarar.
- 3) Valg av referent og 2 medlemmar til å underskrive protokollen
Sekretær i styret, Lars N Alme, vart valgt til referent.
Signering av protokollen; Svein Otto Vik og Brynjulf Øie.
- 4) Behandle styrets årsberetning for 2015/2016;
Følgjande kommentarar vart gitt;
 - a. Det er blitt holdt 5 styremøter (ikkje 6).
 - b. Medlemskontingent; uteståande pr 16. juli er 3800,-. Alle er oppfordra til å betale innan frist for å redusere arbeid med purring. Ad medlemsregisteret; hjelp styret med dette – spesielt dersom de selgjer hytte. Alle må også gje beskjed ved endring av e-mailadresse.
 - c. Reguleringsplan; Gullvika – dette er vedteke og ankefrister er passert. SLV har konstruktiv dialog med LG om prosessen.
 - d. Veg opp til Storheia; sikring av fylling skal bli forbedrast av TT anlegg i veke 32 (det skulle ha vore HMS plan på plass som kommunen ikkje har etterlyst). Asfaltering av vegen til Storheia skal betalast av hytteeigarane på Storheia og gjennomførast i veke 33. For framtidige nye vegar skal utbyggjar stå for asfaltering.

- e. Brøyting / vegvedlikehald; det er problem med lekkasje i vegen nederst mot havna som fryser om vinteren – dette er LG/grunneigar sitt ansvar. Styret jobbar opp mot grunneigar for å fikse dette. Det vart foreslått på årsmøtet at SLV fikser dette sjølv på eigen kostnad («påleggssak»).
- f. Bør det setjast opp info-tavle i havna eller ved postkassestativet om SLV som viser korleis nye kan bli medlemar eller som gir info om www.lussevika.com?
- g. Dugnadane er for korte, dei bør starte tidlegare. Varsel av dugnadsdatoane bør kanskje publiserast tidlegare. Bør det i tillegg vera ein dugnad tidleg i mars også før spiring (dvs. 3 i året)? Styret vurderer dette.
- h. Fartsgrense på 30 km i feltet. Trafikkreglar gjeld.

Med desse kommentarane vart årsmelding godkjent.

5) Gjennomgang av rekneskap 2015;

Styrets leidar gav ein kort gjennomgang av nøkkeltala i rekneskapet. Kommentar / konstantering frå revisors revisjonsberetning; rekneskapet gjeld for kalendarår - men årsberetning gjeld for Q3 2015 - Q2 2016 Det vart også kommentert at kolonna «kontosum» burde blitt kalla 2015 og kolonna «I fjor» burde bli kalla 2014.

Med desse kommentarane vart regnskapet godkjent.

6) Behandle budsjett for 2017 og forslag til Handlingsplan (2016 – 2019);

Styrets leidar gjekk gjennom budsjettet. Plan for overføring til «sparekonto» er ikkje lagt for 2017, men potensielt overskot kan førast over.

Styret må sjekke opp forsikringspremie for havneanlegg for å unngå dobbelforsikring. SLV sin andel av premien ligg på ca 6000,- pr år.

Med desse kommentarane vart budsjett godkjent.

Vidare vart handlingsplanen også godkjent.

7) Val av nytt styre og revisor;

2 styremedlemar stod på val (Lars N. Alme og Håkon Ørn). Lars N Alme tek ikkje gjenvalg. John Larholt har i tillegg bedt om å få gå ut av styret.

Årsmøtet valgte Georg K. Gundersen som ny styreleder. Håkon Ørn vart gjenvalgt til styret for 2 år. Torbjørn Skåland og Ådne Dirdal er valgt inn i styret for 2 år.

Styret fordeler verv og oppgåver seg i mellom i konstituerande styremøte.

Havnestyret blir gjenvalgt.

Forslag om ny valgordning; Valgkomiteen bør ha 2 medlemar (avgående formann pluss ein ny «ekstern»).

Det vart i tillegg lagt fram eit forslag om å etablere ei liste der hytteeigarar gjev vink om når dei kan stille til styret.

Tone Egeland vart valgt som ny revisor.

8) Kontingent for 2017;

Styret foreslår 3000,- som full kontingent. 40% av det beløpet for hytter i Gustav Larsen - feltet, og 800,- for hytter i Klaubakken.

Styret må ta ein ny gjennomgang av kontingent saman med representantar for desse områda.

Årsmøtet vedtok styrets forslag for kontingent for 2017.

9) Behandle forslag framsatt av styret;

a. Nytt postkasse - stativ

Styret foreslo montering av nye «standard-stativ» med 8 stk store og like postkassar for fleire personar. Det vart stilt spørsmål knytta

til lokalisering av stativ samt om personar har rett til å ha personlege postkassar.

Flytting av stativ til ny plass krev avtale med LG og postverket. For 4 år sidan sa Posten at dei ikkje ville køyre ut i feltet. No er det fleire hytter og nye adresser (meir eksakte).

Vedtak; Styret skal sjekke opp om posten er villig til å køyre ned i feltet til 2 eller fleire fellesstativ, samt om folk har rett på eigen postkasse. I så fall må løysinga kanskje ha ein kombinasjon av felles og personlege postkassar.

b. Hjertestarter(e)

Styret anbefalar kjøp av 2 stk med varmeskap.

Det vart kommentert at dette ikkje måtte bli ein falsk trygghet. Ein må alltid ringje 113 for nødhjelp også. Medlemar ytra ynskje om opplæring i bruk av hjertestartar på ei fellesamling (på årsmøte eller på ein dugnad). I tillegg må ein bruksanvisning (pdf-fil?) gjerast tilgjengeleg for medlemane i SLV.

Vedtak; styret iverkset innkjøp av 2 hjertestartarar ihht innstilling.

I tillegg blei det nye styret i SLV bedt om å vurdere etablering av ein Helikopterlandingsplass (markert plass med stor H). Dette må gjerast i samarbeid med LG.

c. Parkerings- / opplagsplass for båtar

Denne vart opprinneleg regulert som kun båtoppstillingsplass, men det vil vera behov for parkeringsplassar også pga at parkering i havna er uaktuelt i framtida. Det må lagast nummererte båtplassar.

Avstemming for opparbeiding/asfaltering av plassen ihht innstilling; 13 stemmer imot / 19 stemmer for (32 stemmeberettiga). Forslag dermed vedtatt.

MEN; før igangsetting må dei som har rettigheter ihht kjøpskontrakt/gammel reguleringsplan (f.eks båtoppstilling) sende e-mail til nytt styre med «betenkeligheter».

10) Generelle forhold

- a. Medlemene i SLV vart oppfordra til å vera merksam på følgjande; Parkering (2 parkeringsplasser på kvar tomt ihht reguleringsplanar), fartsgrense i hyttefeltet (30 km/t), aldersgrense – spesielt for køyring av ATV, ikkje ta seg til rette på areal utanfor eigen grunn (f.eks felling av trær). Kontakt LG/grunneigar for inngrep på LG sitt område (f.eks hogging av tre).
- b. Det vart foreslått å lage til fartsdump ved søppelcontainer/ fotballbane pga. høg fart. I tillegg bør eksisterande fartsdumpar markerast betre. Dette er LG sitt ansvar og må takast opp i samarbeidsmøte mellom SLV og LG.
- c. Ikkje set søppel utforbi container dersom det er for stort eller container er full pga. fuglar som kan spreie dette.
- d. Ad rydding av trevirke etter ulovlig felling på området ned mot havna. Dette er LG's eigedom. Styret må kontakte LG om dette. Det bør vurderast om dette kan fiksast på ein dugnad – eventuelt om det kan bli gitt vekk som ved.
- e. Ad dumpeplass for hageavfall; LG har gitt SLV lov til å få område ved båttoppstillingsplass eller oppe ved øverste container til dette. Styret jobbar vidare med dette.
- f. Det vart stilt spørsmål om standard på leikeplassar i hyttefeltet; LG eig området. Styret utredar dette igjen.
- g. Oppretting av volleyball-bane / ballbinge? Det vart hevda at LG er villig til å bruke pengar på dette, Styret utredar vidare.

11) Havnestyrets rapport

Svein Otto Vik gjekk gjennom årsrapporten frå Havnestyret.

Medlemene i Styret vart gjenvilgt for komande periode.

Foreslått kontingent for komande periode er 200,-. Dette vart vedteke av årsmøtet.

Kommentarar til årsrapport;

- i. Båtplassar på B3 er for breie (i si tid anlagt av LG), styret har kontakta LG for å få han til å måle opp. LG vil ikkje gjere dette før breidde er korrigert tilbake frå 4 til 2,5 m.

Aksjon – eigarane må kontakte/ha møte med LG for korrigering av båtplassar i B3 med Havnestyret som fasilitator. Eigarane av båtplass i B3 må kontakte styret om dette.

- ii. Styret vil sjå på tinglysing av båtplassar i B2.
- iii. Brannskap er innkjøpt men ikkje montert.
Havnestyret vil kontakte Warmbrodt VVS for å vurdere montering og opplegg av sted til dette for betre brannsikkerhet. Årsmøtet vedtek at Havnestyret får gjere dette.
- iv. Blåsene for fortøying av båtar bør samordnast / rettast opp.
- v. Styret vil snakke med LG om stein i molo som har løsna for å få det fiksa. I tillegg ligg eit lodd for flytebryggene veldig i vegen for båttutsetting.
- vi. Ad forsikring av sjøboder; eit forsikringsselskap har sagt at det bør vera fellesforsikring pga at det ikkje brannvegg mellom bodene (er samanhengande). Dette må avklarast.
- vii. Lindesnes Hytteutleige må kontaktast om båtplassar – har fleire båtar enn båtplassar og brukar dermed private båtplassar.

12) Behandle forslag framstilt av andre medlemmar;

Ingen.

13) Eventuelt

Eva Larholt er leidar av Sosialkomiteen og oppfordra om at 8-10 stk måtte hjelpe til med oppsetting av telt til årsfest etter årsmøtet samt hjelp til servering.

Val til Sosialkomiteen; Daniel van Riessen og Tone Egeland vart valgt til medlemmar kommande periode.

Referent; Lars N. Alme

Lars Alme 6/9 - 2016

Signatur;

Svein Otto Vik



Brynjulf Øie

